



Møteprotokoll

Utval: Sogenemnda
Møtestad: Rådhuset
Dato: 28.04.2026
Tid: Kl. 15:30 - 18:30

Følgjande medlem møtte

Parti

Jens Magne Sigdestad
Kirsten Grotle
Lars Olav Rylandsholm
Liv Marit Bøen
Margret Frøyen
Per Helge Eikeland
Randi Bjørg Myklebust

Forfall meldt frå følgjande medl.

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Isak Berle

Andre som møtte:

Renate Petrine Stavseng Johnsen
Dag H. Nestegard

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
011/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/26	Godkjenning av møteprotokoll
013/26	Referatsaker
014/26	Drøftingssak
015/26	Saker som kjem til

011/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 28.04.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Sogenemnda 28.04.2026:

Handsaming:

SOGE- 011/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 28.04.26 vert godkjende slik dei låg føre.

012/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 10.03.26 vert godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Sogenemnda 28.04.2026:

Handsaming:

SOGE- 012/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 10.03.26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

013/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Sogenemnda 28.04.2026:

Handsaming:

Vedtak i formannskapet vedk. finansiering av hefte om Grotle gamle kyrkjegard. Formannskapet handsama i sak 025/2026 finansiering av eit hefte om historia til Grotle gamle kyrkjegard. Kostnadsramma på kr 170.000 vart godkjent og utgiftene vert å dekke innanfor driftsbudsjettet til Kultur og fritid. Heftet skal vere på omlag 100 sider i storleik 17 x 24 cm, og det skal ferdigstillast i løpet av hausten 2026.

SOGE- 013/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

014/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssaker vert teke til vitande.

Sogenemnda 28.04.2026:

Handsaming:

1. Orientering om framdrift i arbeidet med hefte om Grotle gamle kyrkjegard v/Dag H. Nestegard

Dag H. Nestegard har teke på seg oppdraget med å skrive historia om gravplassen og orienterte om prosjektet.

Han vil levere første utkast på ca. 70 sider av innhaldet i slutten av juni. Sogenemnda skal lese gjennom manus fram til neste møte i medio august. Sogenemnda skal og hjelpe til med å finne foto som kan nyttast i heftet. I tillegg til foto vil Nestegard jobbe med å finne nokon som kan lage illustrasjonar. Vi satsar på å kunne lansere det nye historiske heftet i løpet av november/desember.

2. Oppretting av kommunalt arkiv over eldre fotografi

Sogenemnda vil starte arbeidet med å samle inn fleire bilde for å etablere eit kommunal arkiv som kan nyttast i samband med nye prosjekt framover. Dette kjem i tillegg til dei 8.230 foto som er samla inn og er tilgjengelege på fylkeskommunen sitt fotoarkiv.

Vi satsar i første omgang på å samle inn foto frå ca. 1880 og framover til og med 2. verdskrigen. Vi planlegg å ha eit arbeidsmøte med foto som tema fredag 12. juni 2026, kl. 10.00 – 14.00.

SOGE- 014/26 Vedtak:

Drøftingssaker vert teke til vitande.

015/26: Saker som kjem til

Sogenemnda 28.04.2026:

Handsaming:

SOGE- 015/26 Vedtak:

Ingen saker kom til i møte.